

Soknerådsmøte i Moster kyrkje måndag 08.04.2019 kl.19:00.

Desse møtte: Rune Sivertsen, Gunnvald Bjotveit, Elin Taranger, Inger Marie Gjerde, Per Harald Gjerde, Mona Ingvaldsen Hodne, Sigurd Totland og Fridleif Lydersen.

Sak 35 – 2019 Godkjenning av innkalling og møtebok av 12.03.19. Møtebok godkjend utan merknader. Innkalling godkjend med desse tillegg: Sak 44, sak 45 og sak 46.

Sak 36 – 2019 Oppfylging av tidlegare saker.

- Årsmøte 2019 – frammøte, referat m.m. Referat vert send til underskrift.
- Val av nytt sokneråd. Førebuing av valet er i rute.
- Konsert med Solveig Leithaug. Evaluering: Godt frammøte, fin konsert.
- KN-aksjonen 9.april. Berit fortel at ho har ordna det meste. Ho og Magnhild vil vere på plass kl. 15.30 på Salem. Utfordring: Å få organisert og forklare rutene, spesielt på Totland og Grindheim.
- Innspel frå tilsette og medarbeidarar: Mannsstemmer i koret m.m.
- Konfirmantfest 28. april: – merk gudsteneste 15:30, fest frå 16:45 cirka. Dei praktiske førebuingane er i gong. Komitèen er i rute med planlegging og organisering
- Miljøtiltak for konfirmantar(T.d. samtalegrupper.) – me treng medarbeidarar. Elin og Mona er villige til å bidra med det praktiske.

Sak 37 – 2019 Rydding av strand, delta i dugnad.

Vedtak: Soknerådet vil oppfordre kyrkjelyden på gudstenesta den 22. april om å delta i det kommunale opplegget i perioden 26.-28. april.

Sak 38 – 2019 Bruk av disposisjonsfond

Vedtak: Soknerådet vil fylgje nøye med på status for økonomisk eigenandel for orgelkjøp, og vurdere kor mykje ein skal bidra med. Kasserar vert beden om å opprette ein høgrentekonto for dei pengane som står på fond.

Sak 39 – 2019 Moster kyrkje vert 150 år i 2024

Kyrkejubileet fell saman med tusenårsmarkeringa for kristenretten. Me legg dessutan opp til at orgelet då skal vere på plass. Soknerådet treng å skaffe historisk grunnlagsmateriale, setje ned ein komité for markeringa og samtale om korleis eit jubileum i den gitte situasjonen skal markerast. Saka vert utsett til neste møte.

Sak 40 – 2019 Forslag til postar i fellesrådet sitt budsjett vedrørande Moster.

Forslag til vedtak: Moster sokneråd vil gjerne at følgjande skal takast inn på neste budsjett i fellesrådet: 1) Vøling av vindauge i Moster kyrkje 2) maling av kyrkje (sist gjort for 24 år sidan) og reparasjon av råteskadar 3) få teleslynge lagt under kyrkjegolv 4) ny miksepult 5) reparasjon av eller ny oppvaskmaskin. 6) To nye messehaklar.(fiolett

og raud.)

Sak 41 – 2019 Planlegging av sommaravslutting for soknerådet 18/6

Elin inviterer soknerådet heim til seg. Planlegginga vert på neste soknerådsmøte.

Sak 42 – 2019 Møtedatoar for soknerådet hausten 2019

Vedtak: Moster sokneråd har møte fylgjande datoar hausten 2019:

27.august; 10.september – oppteljing av stemmer etter valet og føring av protokoll;
24.september; 22.oktober – saman med nytt sokneråd, som konstituerer seg og avtalar
ny møtedato. Frå og med 1.november har Moster sokn nytt sokneråd.

Praktisk gjennomgang av soknerådsvalet vert gjennomgått på neste soknerådsmøtemøte.

Sak 43 – 2019 Referat og meldingar

- Oppretting av gudstenesteteam. Det er i rute.
- Samrådsmøte i kyrkja den 2. april. Kl. 19.30. Referat vart gjennomgått. Forbønsgudstenesta vart lagt til den 25.09. og konsert til inntekt for orgel den 20.10. Den 29.11 har kulturskulen adventskonsert. Julekonsert vert den 15.12.
- E-post til sokneråda etter at kyrkjetaket i Sangaste vart skada i uvær
- Frå fellesrådet
- Frå orgelkomiteen. Arbeidsgruppe for å få utarbeidd saksdokument til fellesrådet er nedsett. Arbeidet går som planlagt.
- Meldingar ved soknerådsleiar, sokneprest eller andre

Sak 44 – 2019 Markering nye kyrkjetekstilar:

Soknerådet går inn for å ha dette på gudstenesta den 16. juni. Planlegging på neste soknerådsmøte.

Sak 45-2019 Spørsmål om julekonsert med fokus på kveding.

Soknerådet finn ikkje plass for dette i vårt program.

Sak 46-2019 Spørsmål om misjonsavtale med israelsmisjonen

Utsett til neste soknerådsmøte

Sak 47-Fellesmøte ved Charmaine Hedding

Ho arbeider blant dei forfølgde i Midt-Austen.

Soknerådet går inn for dette under vilkår av at alle som vanlegvis er med på fellesmøtearrangement, er med på dette.

Per Harald Gjerde

Skrivar